



KOMMUNEDELPLAN FOR
ANLEGG FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV
Sykkylven kommune

2019 - 2022



Begrepsavklaring

Idrettsanlegg:

Nærmiljøanlegg – heretter kalla NA – gjelder alltid utendørsanlegg, og ligg i hovudsak i tilknytning til bu- eller skuleområder. Kan også gjelde turstiar, rundløyper i terrenget og liknande.

Ordinært idrettsanlegg – heretter kalla OA - er i hovudsak nært knytta til konkurranse- og trening for den organiserte idretten. Anlegget må oppfylle dei tekniske krav som den spesifikke idretten krev.

Friluftsliv:

Opphald og fysisk aktivitet i naturen

Idrett:

Trening eller konkurranse i den organiserte idretten

Universell utforming:

Utforminga av anlegget er på ein slik måte at det kan brukast av alle menneske, utan behov for tilpassing eller tilrettelegging.

(Bilete framside frå Lafjellet mot Gimsdalen)

Innhald

| | | |
|-----|---|----|
| 1 | Innleiing..... | 5 |
| 2 | Rammer..... | 6 |
| 2.1 | Statleg idrettspolitik – spelemidlar til idrettsføremål: | 6 |
| 2.2 | Regionale rammer..... | 6 |
| 2.3 | Kommunale mål og rammer: | 7 |
| 3 | Planprosess..... | 7 |
| 3.1 | Planbeskrivelse | 7 |
| 3.2 | Medverknad..... | 7 |
| 4 | Status 2018..... | 8 |
| 4.1 | Status anleggsprioriteringar 2012-2018..... | 9 |
| 4.2 | Nye idrettsanlegg 2012-2018..... | 10 |
| 4.3 | Nye anlegg for friluftsliv 2012-2018..... | 11 |
| 4.4 | Anleggskart Sykkylven..... | 13 |
| 5 | Utfordringar | 14 |
| 5.1 | Utviklingstrekk i samfunnet generelt | 14 |
| 5.2 | Fysisk aktivitet gir god livskvalitet og folkehelse | 14 |
| 5.3 | UngData 2017 | 14 |
| 5.4 | Analyse frå oppstartsmøte..... | 15 |
| 5.5 | Sykkylven storhall | 16 |
| 5.6 | Sykkylven symjehall | 16 |
| 5.7 | Andre anlegg | 16 |
| 5.8 | Eigenorganisert aktivitet på nærmiljøanlegga | 17 |
| 6 | Prioriteringar | 17 |
| 6.1 | Sykkylven Idrettsråd (SIR) sitt framlegg til prioritert liste:..... | 17 |
| 6.2 | Administrasjonen sin kommentar til SIR si tilråding: | 18 |
| 7 | Handlingsprogram 2019-2022..... | 19 |
| 7.1 | Prioriterte anlegg dei neste 4 åra | 19 |
| 7.2 | Uprioritert liste for ordinære anlegg neste 10 år..... | 19 |
| 7.3 | Liste for nærmiljøanlegg dei neste åra | 19 |
| 7.4 | Vedlegg: Tabell handlingsprogram 2019-2022 | 20 |

1 Innleiing

Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, overskot og meistring. Det kjennest godt å bruke kroppen. Fysisk aktivitet er leik, naturopplevingar, konkurranse og spenning. Det er godt dokumentert at fysisk aktivitet førebygg sjukdom og gjev betre helse gjennom heile livet. Eit samfunn som legg godt til rette for at ein kan vere fysisk aktiv, gjev gode levevilkår.

Kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv er ein overordna styringsreiskap for alle involverte

aktørar for å fremje fysisk aktivitet i kommunen.

Kommunedelplanen skal vere eit verkty for å oppnå overordna målsettingar og bidra til at Sykkylven vert eit samfunn som «har gode møteplassar, trivsel og friske folk» (Mål 4 i Samfunnsplan for Sykkylven).

Planen skal stette krav frå Kulturdepartementet om at tiltak må vere prioritert i ein kommunedelplan, for å kunne søke tilskot frå spelemiddelordninga.

2 Rammer

2.1 Statleg idrettspolitik – spelemidlar til idrettsføremål:

Frå føresegnene om tilskott til anlegg og fysisk aktivitet, seier kva som er hovudmålgruppene for bruk av spelemidlar:

«Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mulig kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlige har imidlertid ikke ansvar for å etablere anlegg for alle typer særvidretter og ferdighetsnivå i alle lokale sammenhenger.

Det er viktig og nødvendig at det foretas behovsvurderingar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den forbindelse er det viktig for staten å fremmeve at de viktigste målgruppene for bruk av spillemidlar til idrettsformål er barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år).

Spillemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal bidra til en infrastruktur som gir befolkningen mulighet til å drive både egenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten.

Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstillar barns behov for fysisk aktivitet i organiserte eller egenorganiserte former, prioriteres særskilt. Når det gjelder ungdom, er det et mål å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommens behov for utfordringar og variasjon. Ungdom må gis mulighet til å medvirke i utforminga av anlegg. Anleggene bør fungere som gode sosiale møteplasser i lokalsamfunnene.»

Dei viktigaste målgruppene er altså barn 6-12 år og ungdom (13-19 år) og at dette i hovudsak er i

lokalmiljøet. Eigenorganisert aktivitet og frivillig medlems basert idrett er viktig kriterier for tilrettelegging og utbygging av anlegg. Dette er viktig med omsyn til dei prioriteringar som skal gjæras lokalt.

Lov- og regelverk for fysisk aktivitet

Ei rekkje lover innan ulike forvaltningsnivå og sektorar er relevant for folkehelse og folket sitt fysiske aktivitetsnivå, til dømes:

- Arbeidsmiljøloven -
- Barnehageloven -
- Lov om psykisk helsevern -
- Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven -
- Opplæringslova -
- Folkehelseloven -
- Plan- og bygningsloven -
- Friluftsløven -

Anna regelverk som er relevant for fysisk aktivitet er til dømes:

- Nasjonale forventingar til regional og lokal planlegging
- Rikspolitisk retningslinjer for areal- og transportplanlegging
- Rikspolitisk retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- FNs barnekonvensjon
- Rundskriv – Rett til fysisk aktivitet (endring i opplæringslova – 2009)
- Bestemmelsar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017

2.2 Regionale rammer

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt handlingsprogram for Fysisk aktivitet og Regional delplan for folkehelse gir viktige regionale føringar for lokalt arbeid.

Fylkesplan 2017-2020 har mellom anna omsyn til barn og unge, og likestilling og inkludering som

gjennomgåande team. Hovudmål 4 – Nærmiljø og lokalsamfunn skal fremme god fysisk og psykisk helse peikar på viktige tiltak som og vil ha innverknad for Sykkylven kommune.

2.3 Kommunale mål og rammer:

Ei aktuell overordna målsetting er nedfelt i Samfunnsplan for Sykkylven - «Sykkylven har gode møteplassar, trivsel og friske folk».

Følgjande delmål er vedtatt:

-Gjere slik at folk meistrar sin eigen livssituasjon og er friske.

Noko vi oppnår med å:

- utøve eit aktivt førebyggjande helsearbeid og stimulere til god folkehelse
- utforme tenestetilbodet slik at førebygging kan skje på tidlegast mogleg nivå
- gjere folkehelse til eit gjennomgåande prinsipp i heile kommunen.

-Tilrettelegge det fysiske miljøvet.

Noko vi oppnår med å:

- legge til rette for aktivt friluftsliv
- arbeide for utbygging av gang- og sykkelveggar
- sette av, opparbeide og stelle gode areal til leikeplassar, grøntområde og friareal
- drifte idrettsanlegg og kulturbygg

Sykkylven kommune sine økonomiske virkemiddel Alle lag som har majoriteten av born/ungdom mellom 6-18 år får nytte dei kommunale idrettsanlegga gratis til trening i det daglege. Dette gjeld Sykkylven regionale kunstgrasbane, Sykkylven storhall og Sykkylven symjehall. Dette er til god hjelp for laga økonomisk. Tidlegare var det pris pr. økt i leige på for eksempel Storhallen. No må laga betale ein sum når dei arrangerer ein konkurranse/stemne/turnering ol. i helgar, om dei har tilreisande lag på besøk. Dette for at kommunen skal få kompensert ekstrautgifter dette fører med seg ved ekstra vask m.m

I 2016 vart ei 50% idr.adm. stilling tilknytta kultureininga fjerna. Ein del av arbeidsoppgåvene vart overført til kultureininga ved idrettskonsulenten i hovudsak. Kommunen har hatt 50% stilling som fagleiar idrett/idrettskonsulent sidan 1.8.2008.

3 Planprosess

3.1 Planbeskrivelse

Kommunedelplanen er eit styringsreiskap for å kunne realisere nye kommunale anlegg, og hjelp til å prioritere anlegg bygd i regi av lag og organisasjonar.

Planen omhandlar idrett, anlegg for eigenorganisert aktivitet og anlegg som stimulerer til meir friluftsliv.

3.2 Medverknad

Kultureininga har på vegne av rådmannen stått for organisering av arbeidet og sjølve utarbeiding av planforslaget. Arbeidsgruppa har bestått av einingsleiar kultur – Halstein Kurseth og fagleiar idrett og folkehelse – Lars Petter Vemøy.

Planprosessen vart annonsert starta opp 18.01.2016. Deretter vart det arrangert eit oppstartsmøte med Møre og Romsdal idrettskrets den 27.01.2016.

Det har vore rimeleg grad av medverking i planen; oppstartsmøte, møte med skular, lag og foreiningar, idrettsråd m.m. Plan og bygningsloven stiller og krav til dette.

Idrettskretsen har bistått med oppstartsmøte i januar 2016, med ein tilsendt rapport i etterkant av møtet som gav plangruppa eit fint grunnlagsdokument for det vidare planarbeidet Sykkylven Idrettsråd har bidrege bra i planarbeidet med 3 møter og til slutt ei tilråding til prioritering av anlegg, sist i møte onsdag 11.04.2018. SIR si tilråding til prioritering ligg ved denne saka.

Både Sykkylven idrettsråd og levekårs utvalet har vore kjent med planane for nye anlegg gjennom oppslag i lokalavisa og innspel frå interessentar.

Planane har vore oppe til drøfting i fleire fora, styremøte, arbeidsmøter med idrettslaga og styremøte i Sykkylven idrettsråd den 14.02.2018 – 21.03.2018 og 11.04.2018. I løpet av denne møteperioden kom idrettsrådet fram til si tilråding til kva anlegg som skal prioriterast dei neste åra.

Det er gjennomført samarbeidsmøter både med ungdomsskulen og med vidaregåande skule, der temaet har vore skulane sine behov for hallkapasitet dei neste åra:

Ungdomsskulen: Møte gjennomført 17.mars 2017. Kroppsøvingssesjonen seier at dei ynskjer all kroppsøving i Storhallen snarast råd. Dei har no kroppsøving for 8 klasser på kulturhuset, og dette er ikkje haldbart lenger ettersom salen er opprigga med dyrt kinoutstyr som lett kan komme til skade under ballaktivitet. Dei ynskjer vidare lydette skiljeveggar i hallen, slik at arbeidstilhøva både for lærarar og elevar vert betre under timane, når dei har 2 klasser parallelt. Ungdomsskulen hadde klart seg fint med Storhallen åleine, utfordringa er at den skal delast med vidaregåande. Om SIL sine planar

vert realisert med ny stor hall, er skulen positiv til å nytte den til enkelte aktivitetar som t.d. turn

Vidaregåande skule: Møte gjennomført 26.april 2017. Kultureininga lagar nytt utkast til leigeavtale til fylket. Leigeprisen pr. skuleår må oppjusterast. Vidaregåande har også nytta heile hallen kvar gong, sjølv om dei oftast berre har 1 klasse pr.time. Dei har alltid fått bruke dobbelt så mykje areal som avtalen tilseier. Dei ynskjer også lydette skiljeveggar om hallen skal delast meir frå hausten av. Ei anna utfordring med deling av hallen med ungdomsskulen, er at dusjen på dei 2 garderobesetta, må delast på tvers av alderen til elevane, når begge skulane har kroppsøving samtidig. Fylket er positiv til med finansiering for å gjere hallen større med påbygg garderobar og elles bygningsmessige tiltak, utanom sjølve leigeavtalen

Framlegg til nytt handlingsprogram blir sendt til off. uttale og det blir sendt ut brev til alle idrettslag/friluftslag og det har vore lagt ut høyring/dokument på kommunen sine heimesider.

4 Status 2018

Idrett

Sykkylven har mykje flotte anlegg for forskjellige idrett og sportsaktivitet. Idrettens dag, arrangert som ei minimesse januar 2013, og mars 2017, viste nesten 40 forskjellige idrettar og trimaktivitetar å vere med på i bygda. Dette spenner ifrå bogeskyting til seniordans. Begge arrangementa etter initiativ av Sykkylven Idrettsråd i samarbeid med idrettskonsulent og kultureininga.

Utviklingstrekk friluftsliv

Interessa for friluftsliv har auka i samfunnet generelt. Salet friluftsliv utstyr viser ein klar auke over heile landet dei siste åra. « Det er inn å vere ute», er eit slagord som har vorte mykje brukt. Dette heng nok saman med at bruk av sosiale medier aukar, vi vil vise andre turane vi har vore på, kor vi har sykla, telta osv. Dette spreiar seg og motiverer kanskje andre til å ta turen.

Sykkylven har Storhallen, klatrehall, motocrossbane, fleire skytebaner, lysløype, alpinanlegg og 2 kunstgras fotballbanar. 2 eldre symjehallar i full drift. Ein moderne friidrettsstadion har kome og idrettsbygda er meir komplett i dag en tidlegare. Unge og gamle, mosjonistar og hardt satsande har eit endå betre tilbod i Sykkylven no. Dette aukar allmenn helse og trivsel i Sykkylven, samt gir møteplassar på tvers av kultur og generasjonar.

Lag og organisasjonar ser helsegevinsten i å legge til rette for andre turfolk, og lagar gapahukar, bruer, brygger, ryddar turvegar, stiar m.m. for at folk skal komme seg ut og ha det triveleg på tur. Turvegen opp til Fagrefjellet og Veslesanden brygge ved Fetvatnet, er gode lokale eksempel på dette.

Trygg tilgang til rekreasjonsområde

I Sykkylven har litt over 40% av born opp til 20 år tilgang til rekreasjonsområder. Tilgangen til nærturterreng er derimot over 80%. Dvs. at nesten alle born og ungdom har god tilgang til nærturterreng der dei bor.

Rekreasjonsareal: Naturområde større enn 5 dekar i tettstadar eller som grensar til tettstadar, inkludert parkar og dei fleste idrettsanlegg.

Nærturterreng: Nærturterreng er naturområde større enn 200 dekar i tettstadar, inkludert parkar og dei

4.1 Status anleggsprioriteringar 2012-2018

Herunder blir den tidlegare planen opplista med dei prioriterte anlegga – både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg/anlegg for friluftsliv.

| | Prioriterte anlegg - Handlingsprogram | 2012-2015 | 2014-2017 |
|----|---|-----------|--------------|
| 1 | Garderobebygg II Sykkylven Sykkylven idrottslag | | Innvilga |
| 2 | 2 Sykkylven Golfpark Tusvik Sykkylven Golfklubb | | Søknad trekt |
| 3 | 3 Lysløype I og II – Skinordisk | | |
| 4 | 4 Skytebane III: Elgbane Tjoreveden Sykkylven JFF | | |
| 5 | 5 Motocross II - Klubbhus Hundeidvik Sykkylven Motocrossklubb | | |
| 6 | 6 Idrettspark -friidrett/fotball Ikornnes Ikornnes IL | | |
| 7 | 7 Hestesport - Ridehall Haugseth Sykkylven rideklubb | | |
| 8 | 8 Skytebane III: Skyttarhus Tjoreveden Sykkylven skyttarlag | | |
| 9 | 9 Fotballhall 20x40m Hundeidvik Hundeidvik IL | | |
| 10 | 10 Sykkylven Ungd.skule uteområdet | | |
| | | | |
| | Uprioriterte søknadar | 2012-2015 | 2014-2017 |
| | Nytt toppdekke Aure grusbane/ kunstgras OA Sykkylven kommune | | |
| | Heile kommunen Rehabilitering av 3 grasbaner OA HIL, VIL og VRF | | |
| | Storhallen Utviding av Storhallen/fotballhall OA 35 x 55m Sykkylven kommune | | |
| | Storhallen Klatrevegg NA 12 m Sykkylven kommune | | |
| | Heile kommunen Anlegg/aktivitetsflate for uorg.idrett/bowlinghall | | |
| | Sykkylven Symjehall med badefasilitetar OA 25m Sykkylven kommune | | |
| | Fjellseter Fiskeplassar NA Sykk. Jeger- og Fiskeforening | | |
| | Dalaråsa/ sykkelløype NA Velledalen IL | | |
| | Idrettsdekke Nytt sportsgolv Velledalen grendahus OA 20x10m | | |

4.2 Nye idrettsanlegg 2012-2018

Etter vel 6 år kan vi oppsummere kva vi har fått ut av planlegginga og den offentlege styringa på dette området. Først om dei anlegga som kom fram og var viktige i planprosessen i 2012:

SIL Garderobebygg II - Byggetrinn 2 som er innreiing av garderobehuset ved stadion er no ferdig. SIL har fått spelemidlar og kommunalt tilskott er ikkje utbetalt enno. SIL fekk hausten 2017 også kommunal førehandsgodkjenning på lagerbygg i tilknytning til garderobehus. Vil sannsynlegvis søkje spelemidlar i 2019.

Sykkylven Golfpark Tusvik Sykkylven Golfklubb - klubben fekk etter 7 år tilsegn men trekte planane sine

Lysløype I og II – Ski Nordisk- Lysløypa er ferdig og både løypa og skistadion har fått alle spelemidlane

Elgbane: Sykkylven Jeger- og fiskeforening har levert slutttekneskap på elgbane ved skyteanlegget i Tjoreveden/Svartevatnet. Bana er ferdig. I aktivt samarbeid med Sykkylven skyttarlag. Dei ventar på kommunalt tilskott. Spelemidlar er utbetalt.

Klubbhus - Motocrossbane: klubben har reist klubbhus ved Motocrossanlegget i Megardsdalen i Hundeidvik. Dette er byggetrinn II og klubben har tilgang til lokalitetar for sin aktivitet og for å få arrangere stemne. Dei har å kjøpt brukte brakker ved Sykkylven vidaregåande skule. Planar og søknad er godkjent og dei fekk tilsegn om spelemidlar i 2016. Anlegget må vere ferdigstillt maks 2 år etter, dvs. i juni 2018. Klubben har derimot ikkje bygd etter planane, då huset (brakkene) berre står på ein sole, og det er ikkje bygd garasje under i betong, som planane tilsa. Tilsegn om spelemidlar er no trekt tilbake.

Ikornes Idrettspark: Anlegget er ferdig og IIL har fått spelemidlar og momsrefusjon.

Hestesport - ridehall: Det er framleis eit sterkt ynskje frå rideklubben – om eit byggetrinn I for ridehall på Haugseth. I prosessen har det kome fram at det er store behov for innandørsanlegg til denne sterkt veksende aktiviteten. Planar må bearbeidast og søknad må utarbeidast. Uavklart om dei får kjøpe trafotomt og hus frå Sykkylven Energi.

Skytebane byggetrinn III - Skyttarhus: Sykkylven skyttarlag starta bygging av skyttarhus ved Tjoreveden i april 2016. Huset som ligg oppå murar/kjellaretasje som er leigd ut til Heimevernet. Elgbane og skyttarhus inngår som byggetrinn III i skyteanlegget. Huset var ferdig til 1. oktober. Siste rest av spelemidlar vart utbetalt i desember 2017.

Ballbane – Sykkylven ungdomsskule: Byggetrinn 1 vart ferdig hausten 2016. Dette inneheld ballbane og aktivitetsområde. Planar for byggetrinn 2 er ikkje utarbeidd og godkjend. (Scatepark). Det er uavklart om det er scatepark som er det NA-anlegget som tungdomen og skulen vil ha. Ungdomsrådet ville innhente ungdom og skule – elevråd – lærarar sine meiningar.

Hundeidvik idrettspark og klatrehall: Byggetrinn 1 klatrehall med kunstgras for fotball stod ferdig i 2016. Spelemidlar er ikkje utbetalt enno. Byggetrinn 2 – treningsrom til idrettshus, der er 85% av midlane utbetalt. Dette anlegget kom inn på planen opprinneleg som ein fotballhall på 20x40 meter. Men IIL såg undervegs behov for eit anlegg med litt meir innhald. Dette vart endra til klatrehall OA, med eigenfinansiert del av hallen til fotball.

4.3 Nye anlegg for friluftsliv 2012-2018

Sykkylven friluftssenter

Arbeidet med lysløypa og skistadion vart ferdig i 2015 og 2017, og alle spelemidlane er no utbetalt til dette etterlengta folkehelseanlegget.

Veslesanden brygge

Straumgjerde natur og folkestiar fekk sluttutbetaling på midlane for det flotte nærmiljøanlegget ved Fetvatnet i 2017. Anlegget stod ferdig sommaren 2016.

O-kart for Myrdalsætra

Velledalen idrettslag fekk siste rest av spelemidlar til dette kartarbeidet, hausten 2017

VIL har vidare planar om fleire kartprosjekt, eit for områda rundt Velledalen skule, eit for områda rundt Hundeidvik privatskule og Sessvatna og eit for sentrumsområdet.

Tilrettelegging for funksjonshemma

Overåneset ved sjukeheimen fekk laga til benk og trilleveg ned. Vegen rundt Haugneset vart rusta opp litt og vegetasjonen tatt vekk for betre utsyn. Vegen rundt Tuvatnet har også blitt betydeleg utbetra siste året. Ikkje minst har turvegen opp til Fagrefjellet blitt ein trimattraksjon i sentrumsområdet. Resultat av fint samarbeid mellom Statnett og ein iherdig dugnadsgjeng. Vegen opp er fint å trille, men krev elektrisk rullestol med ledsager, på det brattaste partiet.

Det er skreve ei spennande masteroppgåve i design om Fagrefjellet. Denne var presentert i lokalavisa under navnet «Myrlende», og omhandlar mange

tiltak for å skape turområdet tilgjengeleg for personar med ulike sansetap og funksjonshemmingar.

Midlar og prosjekt innan friluftsliv – Opparbeiding P-plassar:

Sykkylven kommune ved folkehelsekoordinator og samfunnsplanleggjar, søkte staten om midlar til erverv av areal og til opparbeiding av parkeringsplassar ved Straumen friområdet i Straumgjerde, ved Dravlausstølen og ved Fausaskiftet. Dette for å sikre arealet for framtidig utbygging, og for å legge betre til rette for P-plassar i samband med friluftslivet i bygda. Kommunen fekk tilsegn på like under kr. 800.000,-. Første P-plass under planlegging blir på 2 mål ved krysset Fausa/Orrneset. Ferdig våren 2019. Neste parkeringsplass blir rett ved vegen ved Dravlauskrysset. Vi gjer merksam på at dette er statlege midlar og ikkje midlar frå spelemidlane.

Generelt er det behov for meir tilrettelegging for fleire P-plassar i kommunen. Til dømes øvst i Helleskjerva, ved Riksheimdalen og andre. Vi parkerer framleis ofte på grunneigar si velvilje. I kombinasjon med betre merking av turstiar vil turnettet vårt bli lettare tilgjengeleg, og lettare å ta i bruk.

Kommunen starta opp kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen i samarbeid med frivillige og Sunnmøre friluftsråd.



Turveg til Fagrefjellet - Foto: Sveinung Vemøy

Frå fjøre til fjells – sidan 2010


Denne årlege turkonkurransen får vel 900 personar i snitt pr. år, ut på tur og i fysisk aktivitet. Ut på tur i den fantastiske naturen vår, på leit etter nye plassar ein aldri før har vore.



Fjølestolpen ved Melsetvatnet – FTF 2018

Foto: folkehelsekoordinator

4.4 Anleggskart Sykkylven



Her er dei største anlegga tatt med. Mange anlegg som ballbinger, nærmiljøanlegg m.m. er ikkje markert på kartet. Heller ikkje grasbaner fotball i Hundeidvik, Straumgjerde og Velledalen.

5 utfordringar

5.1 Utviklingstrekk i samfunnet generelt

«Før i tida var vi ute og leika oss i skogen då, men no?»

Dette har nok mange unge høyrte av foreldra sine. Det stemmer, born var meir aktive før i tida. Før datamaskin og spel inne i heimane vart allemannseige. Men det gjeld vaksne og. Vi er meir inaktive enn før. Bilen er det vanlegaste transportmiddelet sjølv på avstandar mindre enn 3 kilometer. Vi køyrer meir til jobb, til trening og

aktivitetar enn før. Kvardagsaktiviteten går ned og vekta opp. Flatskjermen vert større og vektauke i befolkninga heng saman med dette. Kommunen i samarbeid med lag og organisasjonar har eit stort ansvar for å legge til rette, slik at fleire kan vere aktive i kvardagen. Dette gjennom anleggsutvikling, anlegg i nærmiljøet og for friluftsliv, god planlegging for gang og sykkelveggar og infrastruktur, som gjer det lettare å ta sunne val i det daglege.

5.2 Fysisk aktivitet gir god livskvalitet og folkehelse

Born og ungdom skal etter helsedirektoratet sine anbefalingar ha minst 60 minutt moderat aktivitet i løpet av dagen. Vaksne og eldre minst 30 minutt. For born som kun deltek i kroppsøving i skulen så blir ikkje anbefalingane oppfylte. Likedan viser det seg gjennom nasjonal kartlegging av Helsedirektoratet i 2015, at i gjennomsnitt tilbringar vaksne og eldre over 60% av våken tid i ro – stilleasetande. For born har stillesittinga auka som nemnt tidlegare her,

grunna meir tid framfor skjermen i samband både med skulearbeid og bruk av nettspel og til sosiale mediar.

Hoved utfordringa når det gjeld befolkninga si fysiske aktivitetsnivå, er å legge til rette slik at alle blir meir aktive og tek sunne val, og tek meir ansvar for eiga helse. På denne måten påverkar ein at dei nasjonale anbefalingane om aktivitet vert oppfylte.

5.3 UngData 2017

Undersøkelsen viste at av 294 elever på ungdomsskulen som svarte på spørsmål om kor mykje tid dei dagleg nyttar til dataspel, brukte 60% frå 1 time til fleire timar på ettermiddagen til dette. Herav 41% på meir enn 2 timar, og 20% frå 1-2 timar på dette. Jenter er mest på sosiale mediar og gutar nyttar meir dataspel. Talla viser at vi er på fylkessnittet her.

Undersøkelsen viser også at elevar i ungdomsskulen er på fylkessnittet i å vere fysisk aktiv i løpet av veka

– 82% trenar meir enn 1 gang pr. veka. Dette er litt høgare enn landsgjennomsnittet. Ungdom her i bygda er faktisk litt meir deltakande på fritidsaktivitetar generelt enn i fylket også. Så ungdommen er ikkje so verst likevel.

Ein tendens er at ungdom deltek meir i uorganisert aktivitet no enn før. Dei driv meir eigentrening på helsestudio, trening i trimparkar, på sykkelsetet, scating og anna aktivitet, der dei er sin eigen herre utan å vere del av eit lagspel.



Behov for meir parkering? Foto: Folkehelsekoordinator

5.4 Analyse frå oppstartsmøte

Det har vore medverking frå lag og organisasjonar, andre offentlege instansar, Sykkylven idrettsråd. Oppstartsmøte i samarbeid med idrettskretsen i januar 2016. Tilsendt rapport frå møtet i etterkant av idrettskretsen viste slik oppsummering under, frå dei 16 deltakarane på møtet:

Idrett og fysisk aktivitet – status

Positivt:

- Flott natur
- Mange ulike aktiviteter/tilbud
- God fokus på folkehelsen
- Gode skianlegg
- Mye frivillighet/Mange ildsjeler
- Fjøre til fjells (F/F) er positivt
- Treningssenter

Negativt:

- Folk tar ting for gitt
- For få som deltar
- Skiftarbeid fører til dårlig oppslutning
- Få kvinner i styrer
- Dårlig svømmeanlegg
- Overbelasta storhall
- Ufaglærte lærere i barneskolen
- Dårlig kroppsøvningsfasiliteter for U.Skolen.
- Vinteridrett – lite organisert aktivitet

Friluftsliv – status

Positivt:

- Fjøre til fjells (F/F)
- Fjellhug
- Skøyteis
- Speider
- Hardhaus
- Turmuligheter
- Friluftsanlegg
- Natur i verdensklasse
- Friluftsliv – valgfag på U.skolen
- Jakt og fiske
- Klatring
- Lavterskel
- IL har trimbøker ute
- Tilrettelagt for rullestolbrukere

Negativt:

- Mye trakk i hjorteterreng (F/F)
- Turisme
- Friluftsliv i skolen nesten vekke grunnet økonomi

Anleggsdekning – status

Positivt:

- Gode skianlegg
- Gode utendørs skyteanlegg
- Mange fotballbaner
- Friidrettsanlegg
- Mange nye anlegg siste 10 åra
- Lysløype

Negativt:

- Dårlig kvalitet på hallene
- Dårlig svømmeanlegg
- Friidrettsanlegg lite sentralt
- For dårlig kapasitet for kroppsøving i skolene
- Trenger større hallkapasitet

Kompetanse trenerar og ledarar – status

Positivt:

- Generell kompetanse
- God jobb ut fra selvlært kompetanse
- Alle i SIL – symjing har kurs

Negativt:

- For mange foreldre må trene sine egne
- For få har tid til å ta kurs
- Det blir ikke stilt krav til de som er med å trene barn
- Ikke lenger status å være trener/leder
- Samme trenerne som går igjen

Oppsummering frå oppstartsmøtet til ny handlingsplan – nye anlegg

Dei kommunale idrettsanlegga må oppgraderast
Ny symjehall – snarast
Ny idrettshall ved Storhallen for skule og idrettslag –
anna enn fotball
Hytter ala DNT-hytter – opent for alle
Orienteringskart for ulike stader i bygda (kambane
kart utdatert frå 1982
Storhall i sentrum – fleirbrukshall – samarbeid
mellom SIL og kommune

Nytt dekke på Sykkylven regionale kunstgrasbane

Som innspela på oppstartsmøtet viser, er mange
veldig fornøgde og positive til det vi har av
muligheiter i Sykkylven. Ein del negativt blir nemnt
på dei kommunale anlegga, og då er det sikta
spesielt til Storhallen og symjehallen på Aure

5.5 Sykkylven storhall

Storhallen sin styrke er størrelse og plassering i
kulturaksen. Den har fått betydelege oppgraderingar
på bygget, med nytt tak i 2008 og sist i 2017 med
varme og ventilasjon og nytt LED-lys anlegg. SIL har
og foretatt betydeleg standardheving av sitt
klubblokale (vestibyla) innvendig, samt utskifting av
vindauger mot vest

aust for 1 garderobesett ekstra – meir lagerplass, og
ikkje minst areal for fleire idrettar

Svakheiter er innvendig bygningsmessig stand med 2
dårlege garderober og dusjar. Dårleg stand
utvendige veggjar på austside og murar som snarast
treng vedlikehald.

Mogelegheter ved oppdeling innvendig med
lydtett vegg. Dessutan stort areal slik at mange kan
trene samtidig. Vidare er det mogeleg med påbygging

Truslar er om kommuneøkonomi nei neste åra ikkje
avset nok midlar til vedlikehald av bygget i heilheit.

5.6 Sykkylven symjehall

Sykkylven symjehall er frå 1969 – snart 50 år! Snart
symjearena for den nye sentrumsskulen. Og
ungdomsskulen. Vel 600 elevar totalt.

Styrken er at den er veldig sentralt plassert i forhold
til skulane, og mogeleghetene på denne tomte er
gode med tanke på eit 25 meters basseng i retning
nord-sør, og ikkje aust-vest 12,5 meter som i dag.

Svakheitene er store, stettar ikkje krava til
symjeanlegg i dag, ikkje universelt utforma etter
dagens krav. Stort energibruk.

Truslane er store, brått er den ikkje teknisk brukbar
lenger. For kostbart og dristig å drifte noko meir, og
må til slutt låsast.

5.7 Andre anlegg

Muligheitene i kulturaksen er store for framtida
likevel med skulane samla, moderne multisportbane
ved ungdomsskulen, modernisering av storhallen,
sykkelbane, ein ny hall på grusbana, ein ny hall ved
sentrumsskulen, ei oppgradert og miljøvennleg
kunstgrasbane, ein ny symjehall i dette området
eller ei større komersiell satsing av folkebad 5
minutt spasertur frå den gamle symjehallen – på
kaitomta.

Tilbakemelding frå oppstartsmøtet viser og behov
for fleire nye orienteringskart i bygda. Her har VIL
gjort ein veldig bra jobb og er godt i gang med
utvikling både av fleire kart og for å rekruttere fleire
til denne sporten. Området ved kulturaksen og

sentrum vert ofte nytta til o-løp for born og elevar.
Her er behov for nye kart som er etter dagens
standard.

Sykkylven Idrettslag som er størst har fleire
undergrupper og ser klart behov for meir
hallkapasitet.

Ynskjer seg turnhall, fotballhall og hall for ballspel.
Ynskjer å leige ut til kommune og fylke.

Folk er fornøgde med skianlegga våre og lysløype,
samt den dugnadsinnsatsen som vert utført av
frivillige, for å halde anlegg og løyper i stand.

Stamina treningssenter vert nemnt som eit positivt
folkehelsebidrag til ungdom og vaksne frå 15 år og
oppover.

5.8 Eigenorganisert aktivitet på nærmiljøanlegga

Ballbana ved ungdomsskulen er i full bruk i friminutta, i enkelte utetimar/gym og ikkje minst på ettermiddag kveld. Anlegget har vore ei vellukka investering så langt.

Volleyballbana ved sjøen er ein naturleg samlingsplass for ungdom sommarstid. Mykje brukt. Tilbakemeldingar på gode treningsapparat, men skulle hatt fleire apparat og meir skjerming mot

riksvegen. I nærleiken er det også ønske om å utvikle Kyrkjeparken til meir fysisk aktivitet.

Få tilbakemeldingar frå dei mange ballbingane i kommunen. Det verkar som om bingane vart meir nytta for nokre år sidan. Slike ballbingar blir det færre av no, brukarane vil ha fleire val på ein slik arena, ikkje berre fotball.

6 Prioriteringar

6.1 Sykkylven Idrettsråd (SIR) sitt framlegg til prioritert liste:

Idrettsrådet merker seg at det er planer for mange nye anlegg i Sykkylven. Dette er flott og bidrar til enda meir allsidigheit og kvalitet i tilbodet til innbyggjarane.

Sjølv om det er mange som ønskjer å bygge nye anlegg, er det ikkje så mange som har presentert konkretisert planar for Idrettsrådet. Vi tolkar det derfor til at mange enda er på planstadiet.

I den vidare planlegginga av anlegg vil vi oppfordre gruppene til å opprette dialog for å samlokalisere anlegg.

Sykkylven idrettsråd handsama prioriteringane 11.04.2018. og då kom ein ut med følgjande prioriteringsliste av anlegg:

| | | |
|--|---------------|------|
| Hundeidvik aktivitetspark | Hundeidvik IL | 2018 |
| Lagerbygg til SIL garderobehus | SIL | 2019 |
| Rehabilitering dekket Sykkylven kunstgrasbane | Kommunen | 2019 |
| 1 lydtett skillevegg Storhallen | Kommunen | 2019 |
| Sykkylven pistolklubb – elektroniske skiver | Pistolklubb | 2019 |
| Rehabilitering av garderober HIL grendahus | HIL | 2019 |
| Fleirbrukshall/fotballhall – Sykkylven idrettspark | SIL | 2020 |
| Rehabilitering Sykkylven storhall | Kommunen | |
| Idrettshall rett ved sentrumskule | Kommunen | |
| Hestesport – ridehall | Rideklubben | 2019 |
| Symjehall 25m/folkebad | Kommunen | |
| Skytehall miniatyr sentrum | Skyttarlaget | |

I den langsiktige uprioriterte lista innan 10-12 år tilrådde SIR følgjande anlegg:

| | |
|---|-----------------|
| Rehabilitering av 3 grasbane | HIL, VIL og VRF |
| Utviding av Storhallen | Kommunen |
| Anlegg/aktivitetsflate for uorg, Idrett/bowling | Kommunen |

Liste for nærmiljøanlegg – NA:

| | |
|--|----------|
| Uteområdet ungdomsskulen – trinn 2 – skatepark | Kommunen |
| Nærmiljøanlegg Kyrkjeparken | Kommunen |
| O-kart for sentrum, Sørestranda, Velledalen | VIL |
| Grendahus og Hundeidvik skuleområde | |

| | |
|---|---------------|
| Dalaråsa – sykkelløype - | VIL |
| Fjellseter – fiskeplassar | SJFF |
| Dagsturhytter | Kommunen |
| Gapahuker | Kommunen |
| Badeplass og aktivitetsområde universelt utforma | HIL |
| Vidaregåande skule – aktivitetsområde ved skule | Fylke/kommune |
| Ytre Fauske og Ørsneset grendalag – fleirbruksområde ved gamal leikeplass | Velforeninga |

6.2 Administrasjonen sin kommentar til SIR si tilråding:

Når det gjeld idrettsrådet sine prioriteringar her, så er det mykje i tråd med den planprosessen som har vore og dei innspel ein har fått.

Hundeidvik aktivitetspark – klatrehall. Øvst prioritering OK, anlegget et ferdig og dei ventar på spelemidlar til klatrehallen

Lagerbygg til SIL sitt garderobehus. Prioritering OK. Dette er lagerbygg til idrettshus dei har fått spelemidlar til tidlegare. Lager for mål og utstyr. Gjer kommunal drifting av bana enklare også med eit lager ved sidan av.

Rehabilitering av kunstgrasdekket. Prioritering OK. Kunstgraset er slitt etter 12 år med vinterdrift. NFF tek ny tilstandsrapport i mai-18. Stor arena for born og ungdom.

1stk.lydtett skillevegg i hallen. Prioritering OK. Dette er eit prekært behov. Lærarane ved ungdomsskule og vidaregåande skule ynskjer dette sterkt, grunna høgt lydnivå og vanskelege arbeidsforhold, med 2 klasser inne samtidig. 2 lydmålingar utført vinteren-18.

Sykkylven pistolkubb – elektroniske skiver. Prioritering OK. Anlegget er over 10 år, og det opnar for å søkje om midlar til slikt utstyr.

Rehabilitering av garderobes Hundeidvik grendahus. Prioritering ok. Har planane klare og er førehandsgodkjendt.

Fleirbrukshall/fotballhall på grusbana bygd av SIL. Er avhengig av samarbeid med kommune og fylke om leige.....

Rehabilitering av Sykkylven storhall. Omfattande rehabilitering i 2017. Nytt varme- og ventilasjonsanlegg og LED-lys til vel 3.6 mill. Må mulig prioriterast lavare om ein ser på dei kommunale prosjekta.

Idrettshall ved sentrumskule. Bør prioriterast høgare, dersom denne skal byggast i takt med sentrumskulen.

Hestesport ridehall – bør prioriterast høgare dersom dei snarast avklarar kjøp av tomt. Har stått fleire år høgare på lista enn no.

Svømmehall 25 meter/alt. Folkebad. Prioritering OK. Skytehall 50 meter miniatyr i sentrum for rekruttering av ungdom, til bruk i valfag, idrettslinje.

Her er mange nye anlegg som har kome inn i prosessen. Av nye anlegg kan nemnast behovet for å få ein større og betre symjehall i Sykkylven. I dag har vi 2 stk 12,5 m basseng på Aure og i Velledalen. Bassenget i sentrum treng oppgradering og fornying – anlegget er frå 1969. Det er ikkje tidsmessig og stetter knapt dagens krav til symjeanlegg.

SIL har bygd nytt lagerbygg i tilknytning til garderobehuset sitt ved stadion. Planane er godkjent.

Elles må sykkelløypa Dalaråsa nemnast som eit flott tenkt nærmiljøanlegg som vil knyte saman vegar og sykkelstiar slik at ein kan nå over store deler av kommunen. Eit anlegg som kanskje bør få ein betre prioritet.

Elles er behovet for ein bowlinghall – mykje omtalt i lokalavisa, ønskjeleg.

7 Handlingsprogram 2019-2022

7.1 Prioriterte anlegg dei neste 4 åra

Handlingsprogram 2019-2022 - over anlegga slik kommunen tilrår det etter innspel ein har fått frå idrettsråd, lag og organisasjonar, skular.:

| | | |
|--|---------------|------|
| Hundeidvik aktivitetspark | Hundeidvik IL | 2018 |
| Lagerbygg til SIL garderobehus | SIL | 2019 |
| Rehabilitering dekket Sykkylven kunstgrasbane | Kommunen | 2019 |
| Lydisolert skillevegg Storhallen | Kommunen | 2019 |
| Sykkylven pistolklubb – elektroniske skiver | Pistolklubb | 2019 |
| Rehabilitering av garderober HIL grendahus | HIL | 2019 |
| Fleirbrukshall/fotballhall – Sykkylven idrettspark | SIL | 2020 |
| Rehabilitering Sykkylven storhall | Kommunen | 2020 |
| Idrettshall rett ved sentrumskule | Kommunen | 2020 |
| Hestesport – ridehall | Rideklubben | 2019 |
| Symjehall 25m/folkebad | Kommunen | 2021 |
| Skytehall miniatyr sentrum | Skyttarlaget | 2022 |

7.2 Uprioritert liste for ordinære anlegg neste 10 år

| | |
|--|------------------|
| Rehabilitering av 3 grasbane | HIL,VIL og VRF |
| Utviding av Storhallen | Kommunen |
| Anlegg/aktivitetsflate for uorg.idrett/bowling | Kommunen/Private |

7.3 Liste for nærmiljøanlegg dei neste åra

| | |
|---|---------------|
| Uteområdet ungdomskulen – byggetrinn 2 – skatepark | Kommunen |
| O-kart for sentrum, Sørestranda, Velledalen, Sæssvatnet | VIL |
| Grendahus og Hundeidvik skuleområde | |
| Dalaråsa – sykkelløype - | VIL |
| Fjellseter – fiskeplassar | SJFF |
| Dagsturhytter | Kommunen |
| Gapahuker | Kommunen |
| Badeplass og aktivitetsområde universellt utforma | HIL |
| Vidaregåande skule – aktivitetsområde ved skule | Fylke/kommune |
| Ytre Fauske og Ørsneset grendalag – fleirbruksområde ved gamal leikeplass | Velforeninga |
| HIL - Lilleholen tursti 600 meter | HIL |

Behov for mindre friluftslivtiltak

I planperioden kan det dukke opp behov for mindre tilretteleggingar for friluftsliv. Det kan vere bru over elvar, brygger for enkel tilkomst med rullestol, turveggar som knyter områder i hop, sykkelveggar m.m. Dette kan vere administrative prosjekt som ingen har meldt inn utanfrå.

7.4 Vedlegg: Tabell handlingsprogram 2019-2022

| Pri | Anlegg | Utbyggjar | Type | Kategori | Kostnad i 1000 Kr | Anleggstart – finansiering | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|--|--------------------------|------|----------|-------------------|----------------------------|------|------|------|-----|----|------|----|-----|------|----|----|--|--|--|--|--|--|
| | | | | | | 2018 | | | 2019 | | | 2020 | | | 2021 | | | | | | | | |
| | | | | | | KM | SM | Pr | KM | SM | Pr | KM | SM | Pr | KM | SM | Pr | | | | | | |
| Kortsiktig liste – ordinære anlegg dei neste 4 åra | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1. | Hundeidvik aktivitetspark Klatrehall | Hundeidvik IL | K | OA | 9170 | | 2500 | 6670 | | | | | | | | | | | | | | | |
| 2. | Lagerbygg til SİL garderobebehus | SİL | K | OA | 855 | | | | | 285 | | | | | | | | | | | | | |
| 3. | Rehabilitering av dekket – Sykkylven reg.kunstgrasbane | Sykkylven kommune | K | OA | 2500 | | | | 2500 | | | | | | | | | | | | | | |
| 4. | 1 lydett skillevegg Storhall + ombygg ventilasjon | Sykkylven Kommune | K | OA | 1300 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 5. | Sykkylven pistolklubb – elektroniske skiver på bana I Myrdalen | Sykkylven Pistolklubb | K | OA | 600 | | | | | | | | | 200 | | | | | | | | | |
| 6. | Rehabilitering av garderobe Hundeidvik grendahus | Hundeidvik IL | K | OA | 1265 | | | | | | | | | 208 | | | | | | | | | |
| 7. | Fleirbrukshall/fothallhall Sykkylven idrettspark | SİL | K | OA | 60000 ? | | | | | | | | | 20 | 40 | | | | | | | | |
| 8. | Rehabilitering Sykkylven storhall | Sykkylven kommune | K | OA | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9. | Idretts hall ved sentrumskule 23x44 | Sykkylven kommune | K | OA | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 10. | Hestesport – Ridehall | Sykkylven rideklubb | K | OA | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 11. | Svømmehall 25m/Folkebad | Sykkylven kommune | K | OA | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 12. | Skytehall miniatyr sentrum 50 meter | Sykkylven skytterlag | K | OA | ? | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

| Ordinære anlegg – uprioritert liste for dei neste 10-12 åra: | Søkjar | Type | Kategori | Kostnad i heile 1000 kr |
|---|--------------------------------------|-------------|-----------------|---|
| Rehabilitering av 3 grasbane | HIL, VIL og VRF | K | OA | |
| Utviding av Storhallen | Kommunen | K | OA | |
| Anlegg/aktivitetsflate for uorg.idrett/bowlinghall | Lag/kommune/FAU | K | NA/OA | |
| Nærmiljøanlegg: | Søkjar | Type | Kategori | Kostnad i heile 1000 kr |
| Uteområdet ungdomsskulen Byggetrinn 2 – scatepark? | Sykkylven kommune | K | NA | uavklart |
| O-kart for: Sessvatna, Sørestranda, og Hundeidvik skuleområde. Velledalen grendahus | Velledalen IL | K | NA | 150 |
| Aursnes Miljøparkanlegg 2 byggetrinn. 1 Trimapparat, zip-line, klatrepyramide, klatrevegg og byggetrinn2 Ballbane | Ytre Fauske og Ørsneset grendalag | K | NA | Byggetrinn1 597 Byggetrinn 2 592 |
| Sykkylven vdg.sk uteområde- beachvolleybane, trimløype, basketbane | Mrfylke | K | NA | Intensjonsavtale med kommune om delt finansiering |
| Dalaråsa – sykkelløype | Velledalen IL | K | NA | uavklart |
| Fjellseter – fiskeplassar | SJFF | K | NA | uavklart |
| Badeplass; rullestolrampe, hcwc, akt. Område | Hundeidvik IL | K | NA | uavklart |
| Dagsturhytter | Sykkylven kommune | K | Friluftsliv | uavklart |
| Lilleholen tursti 600m | Hundeidvik IL | K | NA | 462 |
| Kyrkjeparken klatrepark/pyramide for born og ungdom 6-19 år | Sykkylven kommune | K | NA | 350 |